

26.09.2018

Bli med på Cubatur i februar/mars 2019.



Her har du ein unik sjanse til å vera med på ein variert og interessant tur til Cuba.

Me er ei gruppe som dreg til Cuba februar/mars 2019. Første del av turen blir ei rundreise på øya med eigen minibuss, sjåfør og guide. Dette er ein unik rundtur lagt opp etter ønske fra oss. Me besøkjer byar og område rundt på heile Cuba, fra Havanna i nordvest til Santiago de Cuba i sydaust.

Her vil me oppleve historiske stader frå eldre og nyare tid, besøkja interessante byar, i tillegg til fine naturområde; og ikkje minst kultur og folket på øya. Me vil bu både på hotell og privat. I to av byane vil me stoppa tre netter. Her vil me kunna slappa av og evt nyta badelivet på bl.a. all inclusive hotell.

Rundturen startar i Havanna, via Playa Larga/Grisebukta til Cienfuegos, Trinidad, Holguin, Baracoa, Santiago de Cuba, Camaguey og Santa Clara, der rundturen sluttar. Dei som berre vil vera med på denne rundturen, blir køyrd til flyplassen etter ei natt i Santa Clara, evt nyta nokre timer i Havanna på veg til flyplassen avreisedagen.

For dei som vil vera ekstra dagar, er det lagt opp til tre ekstra netter på All inclusiv hotell på Varadero og tre netter i Havanna. Desse 6 siste nettene kan tilpassast individuelt etter ønske.

Avreise frå Bergen med KLM onsdag 27. februar kl 10.00, via Amsterdam til Havanna kl 17.15 lokal tid. (23.15 norsk tid) Den korte turen (15 netter) vil ha retur torsdag 14. mars kl 20.20, via Amsterdam til Bergen 15. mars kl 13.45., medan den lange turen vil ha retur onsdag 20. mars samme klokkeslett.

Pris kort tur (rundreis) for (8-14) personar ca kr 25.750,- inkl fly tur/retur Bergen.

Lang tur (rundreis + 6 netter) (8-14) personar ca kr 30.600,- inkl fly tur/retur Bergen.

I denne prisen ligg frukost og stort sett lunsj alle dagar, nokre middagar i tillegg til all inclusive opphalda.

Nb! Blir det over 14 personar på rundreisa, vert prisen redusert med ca kr 2.500,- pr person. Prisen er basert på dagens valutakurs og pris på flybillettar dei aktuelle datoane pr dags dato. Prisen kan også variera, denne var ca kr.7.000,- då eg sjekka 25. september. Heilt nøyaktig pris får me når me bestiller billettane. Skulle denne endra

seg mykje, vil me vurdera å forskyva turen nokre dagar fram eller attende, i og med at prisane kan varierer mykje på ulike vekedagar.

For meir info kan de ta kontakt med Magne Huglen på tlf 97040153, evt e post donhaug.gard@knett.no og få tilsendt program.

Er du interessert, bør du ta kontakt snarast mogeleg. Me kan då sikra oss billige flybillettar. Eg vil reservera ca 10 billettar onsdag 26. sept til den langeturen. Prisen vil då bli låst på desse.

Tekst: Magne Huglen

Foto/nett: Kristian Bringedal



Cuba sitt Capitolbygg ligg i Havana og vert restaurert.